

Årsmelding  
for  
Suldal Idrettslags årsmøte  
2017



*Årsmeldinga skal gi eit bilete av aktiviteten i idrettslaget, styrets arbeid og undergruppernes aktivitet. Saman med rekneskapet skal årsmeldinga gi ein god oversikt over aktivitet og økonomisk status i klubben.*

# Sakliste og saksdokument for årsmøte i Suldal Idrettslag

## Sakliste:

- Sak 1: Godkjenna dei stemmeberettiga
- Sak 2: Godkjenna innkallinga
- Sak 3: Godkjenna saklista
- Sak 4: Godkjenna forretningsorden / møtereclar
- Sak 5: Velja dirigent
- Sak 6: Velja referent
- Sak 7: Velja to medlemmer til å underskriva protokollen
- Sak 8: Behandla idrettslagets årsmelding og undergruppenes årsmeldingar
- Sak 9: Behandla idrettslagets rekneskap i revidert stand
- Sak 10: Behandla forslag og saker:  
Løypetrase Mosvatnet rundt
- Sak 11: Fastsetja medlemskontingent
- Sak 12: Vedta idrettslagets budsjett
- Sak 13: Godkjenna reiseregulativet
- Sak 14: Behandla idrettslagets organisasjonsplan
- Sak 15: Val

Inkludert er desse dokumenta:

- Hovudstyret og undergruppenes årsmeldingar
- Regnskap med revisors beretning
- Styrets forslag til budsjett
- Styrets forslag til organisasjonsplan
- Valgkomiteens innstilling og styrets innstilling til ny valgkomité

Suldalsosen 1. mars 2018  
For styret i Suldal idrettslag  
Arne Vold, leiar

### **SAK 1: GODKJENNA DEI STEMMEBERETTIGA**

For å ha stemmerett må ein vere fylt 15 år, vore medlem av idrettslaget i minst ein månad og ha oppfylt medlemskrava. Det same gjeld der ein person skal oppnemnast som representant til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd. Ingen kan møte eller stemme ved fullmakt. Lovlig innkalt årsmøte er vedtaksført dersom det møter eit antal medlemmer som minst tilsvarer antal styremedlemmer.

**Forslag til vedtak:** \_\_\_\_\_ stemmeberettiga medlemmer er møtt og årsmøtet er vedtaksberettiga.

### **SAK 2: GODKJENNA INNKALLINGA**

Styret kallar inn til årsmøte minst ein månad på førehand direkte til medlemmane, eventuelt på annan forsvarleg måte, og/eller ved kunngjering i pressa, eventuelt på idrettslaget si internettside.

**Forslag til vedtak:** Innkalling til årsmøtet er \_\_\_\_\_.

### **SAK 3: GODKJENNA SAKLISTA**

Innkallinga kan vise til at saksdokumenta vert gjort tilgjengeleg på idrettslaget si internettside eller på annan forsvarleg måte. I så fall skal det gå fram at dokumenta vil bli gjort tilgjengelege seinast ei veke før årsmøtet. Fullstendig sakliste og andre nødvendige saksdokument med forslag til årsmøtet må vere gjort tilgjengeleg seinast ei veke før årsmøtet.

**Forslag til vedtak:** Saklista til årsmøtet er \_\_\_\_\_.

### **SAK 4: GODKJENNA FORRETNINGSORDEN -MØTEREGLAR**

**FORSLAG TIL FORRETNINGSORDEN:**

1. Årsmøtet vert leia av valt dirigent.
2. Valt referent fører protokollen. Protokollen skal underskrivast av valde medlemmer seinast 2 veker etter årsmøtet.
3. Ingen medlemmer må gis rett til ordet meir enn 3 gonger i same sak. Med unntak av hovudinnlegg frå dei forslagsstillerar som har forslag på saklista, settes taletida til: - 5 min. første gang. - 2 min. andre og tredje gang. Medlemmer som krev ordet til forretningsorden har 1 min. taletid. Ønskjer medlemmer å delta i debatten, vises dette ved handsopprekking slik at dirigent kan oppdatera talelista.
4. Dirigenten kan korta taletida, samt setja strek for påteikna talerar etter behov.
5. Alle vedtak og val avgjerast med alminneleg fleirtal, bortsett frå dei unntak NIFs lov og idrettslagets lovnorm fastset. Alle valg der det føreligg fleire enn eitt forslag føregår skriftleg eller om det stilles krav om det. Blanke stemmesedlar tel ikkje, og stemmene reknast ikkje som avgitt. Øvrige avstemmingar skjer med handsopprekking.
6. Forslag og vedtak føres inn i protokollen med antal avgitte stemmer - for og imot, samt kven som har hatt ordet i saken.
7. Eventuelle forslag som kjem under forhandlingar, må leverast dirigenten skriftleg og vera signert med medlemmets namn. Forslag kan berre fremjast i saker som står på saklista. Tidlegare forslag kan ikkje trekkjast tilbake, og nye forslag kan ikke fremjast, etter at strek er sett eller at saka er tatt opp til votering.

8. Begrepet «TIL FORRETNINGSORDEN» er for å tilkjenne at ein er ueinig i dirigentens måte å leia møtet eller voteringa på.

**Forslag til vedtak:** Forslag til forretningsorden er \_\_\_\_\_.

**SAK 5: VELJA DIRIGENT**

**Forslag til vedtak:** \_\_\_\_\_ vert valt til dirigent.

**SAK 6: VELJA REFERENT**

**Forslag til vedtak:** \_\_\_\_\_ vert valt til referent.

**SAK 7: VELJA TO MEDLEMMER TIL Å UNDERSKRIVA PROTOKOLLEN**

**Forslag til vedtak:** \_\_\_\_\_ og \_\_\_\_\_ vert valt til å underskriva protokoll.

**SAK 8: BEHANDLA IDRETTSLAGETS OG UNDERGRUPPENES ÅRSMELDINGAR**

**ÅRSMELDING FOR HOVUDSTYRET SULDAL IDRETTSLAG 2017**

---

**Styrets samansetning 2017 har vore:**

Leiar:	Arne Vold
Nestleiar:	Øyvind Gjuvsland
Kasserar:	Silje Færøy
Skrivar:	Kristine Bø Berge
Styremedlem:	Vidar Jørgensen Nærheim
Varamedlem:	Kathrine Kroken Lono
Leiar trimgruppa:	Tor Inge Bråtveit
Leiar skigruppa:	Per Even Tjøstheim
Leiar økonomigruppa:	Else Kristin Hilde Krogh
Leiar fotballgruppa:	Jon Bråtveit
Leiar valnemnd:	Leif Bakka

Suldal idrettslag hadde 1. mars 2018 478 medlemmer, mot 398 året før. Mange av medlemmene er utøvarar frå andre grender som er med på kretslaga i fotball, og mange som også deltek på skigruppas aktivitetar er frå andre grender. Rekneskapen for 2017 syner eit positivt resultat på 62 058,- kroner. Det er prosjektet i lysløypa og ikkje den ordinære drifta som genererer overskotet. Styret ynskjer

derfor å nytte høvet til å oppmode undergruppene om nøktern drift og fokus på budsjettkontroll for 2018.

Det har vore fire styremøte denne perioden, og forutan hovudstyret har gruppeleierane møteplikt på styremøta. Det har vore handsama 31 saker, kor ferdigstilling av prosjektet for utbetring av lysløpetraseen har vore den viktigaste saka. Idrettslaget arrangerte også i haust fest for tillitsvalde, leierar og trenerar i idrettslaget. Dette var eit vellukka tiltak med både fagleg og sosial inspirasjon.

2017 har vore prega av høg aktivitet i idrettslaget. Fotballgruppa har framleis den viktige rolla som pådrivar og organisator for kretslaga i kommunen, mykje godt arbeid vert lagt ned her. Gledeleg er det å sjå kunstgrasbanen i bruk gjennom alle årets månadar. Frammøte på skitreningar og skirenn vitnar om godt arbeid også i skigruppa. At ein har lagt opp til meir breidde- og familie-retta samlingar ser ut til å vera eit godt tiltak.

Aktivitetane i regi av trimgruppa er og godt nytta. I tillegg kvinnedominerte treningar som step og yoga, er ballspel/dametrim godt besøkt, og har auka til to treningar i veka. I tillegg støttar økonomigruppa resten av laget med arrangement av kiosksal ved undergruppenes arrangement.

Hovudstyret arrangerte i november saman med økonomigrupa og skigruppa «Byttehelgen», ein marknadslag for brukt vintersportutstyr. Kiosk / kafe bidrog til godt oppmøte denne dagen.

Suldal idrettslag har vore representert i, og hatt leiarvervet i Suldal idrettsråd. Representantar frå Suldal idrettslag har delteke på to leiar kurs i regi av Rogaland Idrettskrets og Suldal idrettsråd.

Suldal idrettslag takkar sponsorar og bidragsyterar, og hovudsponsorane våre Sparebank1 SR-Bank og Statkraft for god støtte i 2017. Sparebanken Vest avd. Sand bidrog etter årsskiftet også med ei kjærkommen gåve på kr. 88.000,- til lysløype-prosjektet vårt.

Nokre av avtalane styret i Suldal idrettslag har forhandla om og underteikna denne perioden er:

- Driftsavtale med Suldal kommune for kunstgrasbanen 2017-2022
- Utstyrsavtale med Sand Sport/Adidas 2017-2019
- Avtale med Suldal kommune for vask og ettersyn av Gullinghuset/toalettbygget 2017-2019
- Avtale med Vinjar skule om flaggheising 2018-2020
- Samarbeidsavtale med hovudsponsor Sparebank1 SR-Bank 2017-2019
- Samarbeidsavtale med hovudsponsor Statkraft Energi AS 2018-2020

For utfyllande informasjon om økonomi og aktiviteten i idrettslaget, viser me til budsjett, rekneskap og undergruppenes årsmeldingar.

Til slutt må det rettast ein stor takk til leierar, trenerar, foreldre og føresette tilknytte Suldal idrettslag. Dykkar innsats er grunnlaget for all den gode aktiviteten i idrettslaget, og er eit svært viktig bidrag til god trivsel i grenda vår.

Suldalsosen 01.03.2018

Arne Vold, leiar

## ÅRSMELDING 2017 FOTBALLGRUPPA SULDAL IL

---

### **Styret i fotballgruppa 2017:**

Siri Fisketjøn Indrebø  
Neri Fisketjøn  
Svein Øystein Berge  
Jon Bråtveit, leiar

### **Aldersbestemte klassar:**

Stor skrøyt til alle som har stilt som trenarar, lagleiarar og oppmenn på laga våre i Suldalsserien og i kretsserieane. Utan denne innsatsen, ville me ikkje hatt aktivitet. Ein må ikkje nødvendigvis ha så stor kunnskap om fotball, men ein må ha engasjement for at ungar og ungdom skal trivast, motiverast og få utvikling. Me vil ha endå fleire vaksne med!

Totalt har me hatt 177 spelarar, 27 trenarar og 5 oppmenn i sving i fotballen i 2017.

**Klasse miniknott:** Trenarar/lagleiarar: Mikkel Kral, Tommy Berven-Hanssen, Helene Hammer, Vidar Jørgensen Nærheim. I tillegg stilte nokre foreldre opp som ekstra hjelp. Oppmenn: Petra Odvody og Mina Lunde

Det har vore med 28 frå 1. og 2. klasse i løpet av sesongen. Mange ivrige ungar, men noko utfordring å få nok vaksne til å hjelpa på trening. Desse spelarane er små, og treng mykje hjelp og støtte. Det er umogleg for ein trenar å vera åleine med mange 6-7-åringar. Trening frå etter nyttår. Me stilte med 3 lag i Suldalsserien, Suldalscupen på Marvik og Statkraft-cup i Suldalshallen. Me har og hatt eit lag med i Sauda IL sin Sentrumscup i april, og på Hjelmeland Sparebank-cup i august.

**Klasse knott:** Trenarar/lagleiarar: Neri Fisketjøn, Hans Olav Brustveit, Olaug Haaranes og Randi Steine

Det har vore med 26 spelarar frå 3.-4. klasse i løpet av sesongen. Her er det også mange spelarar, men dei er noko eldre og dermed går treningane lettare utan at ein treng så mange foreldre inn til å støtta undervegs. Trening frå etter nyttår. Me stilte med 3 lag i Suldalsserien, Suldalscupen på Marvik og Statkraft-cup i Suldalshallen. Me hadde med eit lag på Hjelmeland Sparebank-cup i august.

**Klasse lilleputt:** Trenarar/lagleiarar: Erik W. Vold, Runar Vold, Ronny M. Rugland, Siri Fisketjøn Indrebø

Det har vore med omlag 18 spelarar frå 5.-7. klasse i løpet av sesongen. Trening frå etter nyttår. Me stilte med 2 lag i Suldalsserien og Statkraft-cup i Suldalshallen. Greidde berre stilla eitt lag i Suldalscupen.

**Klasse ungdomstrinn:** Trenar/lagleiar: Torbjørn Indrebø.

Det har vore med 12 spelarar frå 8.-10. klasse i løpet av sesongen. Noko varierende med oppmøte til kamp/trening. Ungdomstrinnet har ein utfordring i at fleire av spelarane også spelar og trenar på både krets lag og i enkelte tilfelle seniorlag.

Me stilte med eitt lag i Suldalsserien, Suldalscupen på Marvik og Statkraft-cup i Suldalshallen.

**A-laget:** Ansvarleg: Jon Bråtveit. Trenarar: Jon Bråtveit, Tor Olav Berge, Geir S. «Simmen» Bratland, Øystein Nærheim, Ørjan Underbakke, Arne Vatland Oppman: Tor Olav Berge.

A-laget har brukt 33 spelarar til kamp på laget i 6. divisjon i 2017. Sesongen starta med tap i jamne kampar, men spel og poengfangst kom seg utover hausten. Laget spelte best mot dei beste, og dårlegast mot dei som kom bak oss på tabellen. Det såg ei stund skummelt ut med tanke på nedrykk, men me enda til slutt trygt på 6. plass av åtte lag. Me hadde også eit 7'er-lag med som hadde base i suldalsmiljøet i Stavanger fram til sommaren. Grunna flytting, jobb og familie vart det ikkje nok spelarar tilgjengeleg til å fullføra sesongen for dette laget.

I mangel på nokon til å leia laget fast, vart det mange trenarar inne. Sesongen vart rett og slett ein mellomsesong. Mange unge spelarar fekk prøvd seg. For det meste godt oppmøte på trening.

Har vore vakter i Suldalshallen, men bruker ikkje hallen til trening. Seier frå seg plassen frå 2017-18.

### **Suldalsgutane- og jentene:**

**G13:** Treningar: Morten Jelsa, Tor Arne Sigstad, Kristian Steine, Øyvind Marvik

Oppmenn: Irene O. Hamra og Knut Helland

26 spelarar i alderen 11-13 år frå heile kommunen har vore med på G13. Desse vart delt i to lag som spelte i 2. divisjon der dei møtte tøff motstand mot lag som har vore vane med å spela saman i mange år. Under god rettleiing frå engasjerte treningar, viste spelarane og laga fin utvikling, og mot slutten av sesongen vart kampane mykje jamnare enn i starten. G13 stilte med to lag på Ryfylke Trelastcup på Tau i mai.

Stor hjelp i gunstig låneavtale for minimuss med Suldal Billag. Å reisa samla i buss til bortekamp bygger lagånd! Flott med treningar med minibuss-sertifikat.

Litt utfordring med stor sprik i nivået til spelarane. I år fekk alle i rett alder som ønska vera med. Tilbakemeldingar frå treningar gjer at ein set nokre krav til nivå på spelarane som skal vera med i 2018.

Dugnad som vakter i Suldalshallen.

**G14:** Treningar: Reidar Hagen og Torbjørn Indrebø

16 spelarar har vore innom laget. Desse kjem frå heile kommunen. Også dette laget spelte i 2. divisjon og møtte tøff motstand. Laget var nytt, og ikkje vane med å spela 11'er på stor bane. Utviklinga var likevel tydeleg utover sesongen, slik at ein også her ser at trenarane har gjort ein god jobb.

Stor hjelp i gunstig låneavtale for minimuss med Suldal Billag. Å reisa samla i buss til bortekamp bygger lagånd! Flott med treningar som har minibuss-sertifikat.

G14 var på tur til Jæren for å spela treningskamp, og dei var ballgutar på eliteseriekampen Viking - Sogndal

**G15:** Ansvarleg og oppmann: Heidi H. Wigestrånd    Assistentar/lagleiar: Christer Hansen, Arne Vatland og Jon Bråtveit

Dette laget stod i fare for å bli lagt ned på vårparten grunna mangel på trenar og tynt spelargrunnlag. Laget skulle eigentleg vore eit 11'er-lag, men måtte redusera til 7'er-lag. Heidi H. Wigestrånd har gjort ein kjempejobb som oppmann og kontaktperson for laget, og med hjelp frå fleire fekk me eit lag som til slutt vann 2. divisjonspulja si! Laget bestod av 10 spelarar frå Suldalsosen, Sand og Nesflaten.

Også her var det stor hjelp i lån av buss frå Suldal Billag, samt hjelpsame foreldre med minibuss-sertifikat. Laget har stilt med vakter i Suldalshallen.

**J16:** Treningar/lagleiarar: Petter Hoås og Odd Austarå

Andre sesong for jentelaget til Petter og Odd, og dei viste stor framgang frå debutsesongen! Laget enda på 2. plass i 2. divisjon, med suverent best målforskjell. Laget pøste inn mål.

Laget hadde 13 spelarar frå Suldalsosen, Sand, Haugil.

Petter og Odd har gjort ein framifrå innsats for å etablera jentefotballen i Suldal IL, og dette arbeidet er det viktig at me bygger vidare på.

Også her stor hjelp i låneavtale for minibuss med Suldal Billag som bygger lagånd. Flott med trenar som har minibuss-sertifikat.

### **Dommar:**

I år sette ikkje fotballkretsen opp dommar til nokon av kretslagkampane våre. Dermed måtte me stilla med eigen klubbdommar både til Suldalsserien og kretskampane. Det vart eit stort antal kampar, og me såg me måtte gjera noko for å få tak i nok dommarar.

Arve Fløysvik frå Rogaland Fotballkrets hadde dommarkurs i slutten av mars. Alle idrettslaga i kommunen vart inviterte. 12 stk møtte, 10 frå Suldal IL, ein frå IL Sand og ein frå Nesflaten IL. Målet var å få ei liste med dommarar som lagleiarar og oppmenn kunne plukka dommarar frå. Me fekk 15 namn på denne lista. Nokre av desse dømde svært mange kampar, andre litt færre, men me nådde målet med å få dommarar til alle kampane. Flott innsats av dei som stilte.

### **Fotballbanen:**

Eskil Fisketjøn har gjort ein strålende jobb med å slådda og brøyta banen.

Noko dugnad er gjort for å halda kontroll på graset rundt banen, men me ser behov for større dugnadsinnsats for å shina opp området. Ny tribunebenk er på plass. Økonomigruppa har fått i gang kiosken slik at den er open på torsdagar når Suldalsserien har kampdag, på andre dagar med fleire kampar, og på a-laget sine kampar. Dette har bidratt til å skapa eit miljø rundt kampane.

Odd Åsgeir Lunde og Geir Bjarte Hoftun er baneansvarleg.

#### **FIKS:**

Dagfinn Nesbø Havrevoll er ansvarleg for at spelarane på kretsniå er registrerte, samt ansvarleg for påmelding av lag på kretsniå. Her gjer han ein stødig jobb.

#### **Suldal Billag:**

I tillegg til å stilla med gunstige vilkår for lån av minibuss, har Suldal Billag si rolle som sponsor for FK Haugesund komme spelarane i Suldal IL til gode.

Miniknottane var maskotar i eliteseriekampen FK Haugesund – Viking, der spelarane fekk gå inn på banen hand i hand med stjernene.

G15-laget som vann serien sin, fekk vera med på FK Haugesund – Kristiansund der dei blei varta opp i eigen Lounge på Haugesund stadion.

#### **Elles:**

Har delteke på dugnad, vakter i Suldalshallen, div. møte i fotballgruppa, spelarmøte A-laget, møte om Suldalshallen, i hovudstyret, trenar/lagleiarmøte, terminlistemøte, møte med kulturkontoret, kurs i styrearbeid, dommaransvarlegssamling, avslutningsarrangement, vedlikehald kunstgrasbane + div. gjermål som dukkar opp undervegs i ein sesong.

Hatt ansvar for bruken av Vinjar gymsal i midtveke.

Arrangert "Nyttårscup" i gymsalen Vinjar der me for første gong hadde med damelag.

Har hatt grundige evalueringar frå trenarane som me bruker til vidare utvikling.

Ein del arbeid med å fornya sponsoravtalane til Suldalsgutane- og jentene, samt å kommunisera til samarbeidsklubbar korleis me løyser økonomien og bruk av spelarar for Suldalsgutane- og jentene.

Dette verkar det til å vera forståing og semje om nå.

#### **Økonomi:**

Viser til rekneskapen for 2017.

Suldal Idrettslag, fotballgruppa  
Jon Bråtveit, leiar

## ÅRSMELDING SKIGRUPPA I SULDAL IL 2017

---

### Styret i skigruppa 2017:

Leiar: Per Even Tjøstheim  
Nestleiar: Sverre Vik  
Skrivar: Tone S. Fisketjøn  
Styremedlem: Arne Mehus  
Styremedlem: Oddny Lunde Bakka

**Trenarar:** Stig Morten Nerheim, Sverre Vik, Kathrine Kroken Lono, Ingrid Nafstad Lyftingsmo, Astrid Gundersen, Oddny Lunde Bakka, Torill Telstad og Per Even Tjøstheim.

### Treningar:

**1-4 klasse** trena fast tysdagar. Skileik prega treningane ved Mosvatnet om vinteren med 25-30 ungar. Nytt av året var at det var tilbod om rulleskitrening allereie frå 1. klasse. Skigruppa kjøpte inn endå fleire par rulleski til utlån og treningane vart leia av Kathrine og Torill. Dette vart veldig populært. Rulleskitreninga føregjekk på våren og hausten, fram til haustferien. Innetrening i gymsal frå midten av oktober med omlag 30 ungar, medan seks, åtte løparar frå 4. klasse og oppover hadde trening ute. Per Even, Astrid og Oddny hadde ansvar.

**5. klasse og oppover** trena fast tysdagar og torsdagar med om lag 15 ungar/ungdomar. Skitreninga har føregått i lysløypa og i Breiastølsdalen. Barmarkstrening har vore på rulleski og joggesko fram til oktober/november og inne i gymsalen på Sand skule fram til vinteren kom for fullt. Det var tidleg oppstart med trening på snø, og 13. november starta ein i Breiastølsdalen medan ein frå slutten av same månad kunne nytte lysløypa. Stig Morten og Sverre har hatt ansvaret.

### Renn

Suldal IL arrangerte i 2017 turrennet Mosvatnet Rundt, distanserennet Suldalsrennet, og var medarrangør av Telenorkarusellen, Hamrabørennet og Ryfylke Rulleskicup.

Suldalsrennet blei arrangert i lysløypa og hadde omlag 110 startande. Det var lite snø, men på grunn av fjorårets utbetringar i lysløypa gjekk det greitt å gjennomføre rennet.

På grunn av overvatn gjekk Mosvatnet Rundt i ein alternativ trasé på austsida av Mosvatnet, og om lag 80 løparar stilte til start.

Suldal IL arrangerte eitt av karusellrenna og om lag 250 deltakarar var med dette året.

Suldal IL var i tillegg medarrangør av skirennet i Hamrabø 26. mars med 47 deltakarar.

Ryfylke Rulleskicup var nytt av året og eit samarbeidsprosjekt mellom Suldal IL, Hjelmeland IL og Sauda IL. Det blei arrangert tre ulike konkurransar. Klubbane hadde ansvar for kvar sitt løp og det var premiering etter siste løpet. Skigruppa i Suldal arrangerte distanserenn på vegen mellom bedehuset og Mehushaugen og rulleskileik for dei yngste ved samfunnshuset.

Suldal IL sine løparar har vore representerte på ein rekke renn frå lokale sonerenn, KM, Ungdommens Holmenkollrenn, Hovedlandsrennet, Norgescup, Junior NM og turrenn både innanlands og utanlands. Løparane til Suldal IL markerer seg godt på resultatlistene utanfor kommunen.

Suldal IL var òg som vanleg representert på rulleskirenna Blinken, Lysebotn opp, Blink Classics og KM i Sandnes.

### Miljøtiltak:

Skigruppa har fast tradisjon med å delta på kretsen sitt opningsrenn på Hovden. Dette er blitt ein sosial tradisjon der me bur saman på hytter, går skirenn og trenar. Saudasprinten har også vore ein fast klubbtur. I 2017 arrangerte skigruppa òg fellestur til KM på rulleski i det nye anlegget på Melsheia i Sandnes. Me ser at fellesturane kor me har vore opptil 40 reisande, er populære og viktige for miljøet og samhaldet i skigruppa.

### **Sonesamlingar i sone Ryfylke**

Suldal IL arrangerte ei sonesamling på barmark i oktober. Sauda hadde samling på snø i Slettedalen i november og Hjelmeland IL hadde også ei dagssamling.

### **Investeringar/vedlikehald**

Arbeidet med rehabilitering av lysanlegget i lysløypa gjekk for fullt frå og med september. Det var på førehand køyrd ut kabel- og omfyllingsmassar og det blei lagt ned straumkabel og sett opp mastefundament. Suldal Bygdeservice har stått for gravearbeidet, Suldal Elverk har levert utstyr og Helgevold Elektro har utført koblingsarbeid.

I november var det klart til å reise master og montere nye armatur. Fleire dugnadsgjengar var i sving og gjennomførte arbeidet raskt og effektivt. Me hadde nokre utfordringar i høve til leveransane av armatur, men dette kom etter kvart på plass og vinteren 2017/2018 nyttar ein både gamle og nye lys. Det blei grave ned kabel og fundament rundt Gratishaugen og sørover til siste sløyfa, i enden av lysløypa. Økonomisk ligg lysprosjektet godt føre budsjett og det ser ut som me kan fullføre arbeidet i 2018.

Det er i 2017 sett i gong planlegging av snøproduksjonsanlegg i lysløypa. Prosjektet blei i løpet av året førehandsgodkjent av kommunen og tippemiddelsøknad blei sendt inn i slutten av året. Snøproduksjonsanlegg med røyrgate og snøkanoner er eit stort prosjekt og ei tung investering kor kommunen har gitt lovnad på 1 mill i stønad. I 2018 ventar me på svar på tippemiddelsøknad saman med andre søknadar hjå diverse stiftelsar, bankar og fond.

### **Dugnad**

I tillegg til å stille på dei vanlege dugnadane for idrettslaget, vaskar skigruppa dei offentlege toaletta ved lysløypa og har tilsynet med Gullinghuset etter eigen avtale. Det er også gjennomført mange timer dugnad i samanheng med skirenn.

### **Trenarar/styre**

Drifta i skigruppa er heilt avhengig av aktive og initiativrike trenarar og styremedlemer i skigruppa, og ikkje minst støttande foreldre. Både trenarar og styre har saman med foreldre gjort ein fantastisk jobb, oppgåver er fordelte og alle har teke ansvar.

### **Utfordringar framover**

Den største utfordringa er for tida å halde på dei eldste ungdommane i gruppa og laga eit aktivt miljø for dei. Målet vårt er at så mange som mogleg skal få positive opplevingar ved aktivitetane i skigruppa, uansett nivå og alder.

Andre utfordringar i 2017/2018 er å ferdigstille utbetringa av lysanlegget i lysløypa og om mogleg starte arbeid med snøproduksjonsanlegg.

Suldalsosen 28.02.2018

Per Even Tjøstheim

## ÅRSMELDING FOR ØKONOMIGRUPPA SULDAL IDRETTSLAG

---

Styret i Økonomigruppa 2017:

Leiar: Else Kristin Hilde Krogh

Styremedlem: Runar Vold

Styremedlem: Petra Odvody

På oppfordring frå fotballgruppa (v/Jon) tok me i april 2017 på oss å få igong kioskdirft i Prestavikjo under fotballkampar i Suldalsserien. Den nye økonomigruppa (Runar Vold, Petra Odvody og u.t.) hadde sitt første møte i kioskdirfta med varmvatn og såper. Når skiten var vaska ut, kunne nyinnkjøpt utstyr (steiketakke og to moccamasterar) og kioskvarer inn. Med god hjelp frå fotballforeldre som stilte opp på kort varsel, var kioskdirfta igong frå 24.april! Dette vart suksess under fotballkampane! Både born og vaksne sette pris på nysteikte lappar, kaffi, bendit smoothie og nokre andre kioskvarer.

Det var Joker som tipsa underteikna om refusjon av “idrettsfrukt” frå Bama; heile 60% av rekninga på smoothies får Suldal IL tilbakebetalt! Dette blir ein “vinn-vinn” sak for oss. Born og vaksne får i seg “vitaminer istadenfor sukker” og idrettslaget tener på det !

Eit stort ynskje er ei kioskdirft med betre fasilitetar, blant anna innlagt vatn. Då hadde det vore enklare å drifte og også mogleg å utvide innhaldet.

Me hadde også kioskdirft i foajeen under rulleskikonkurranse, på Gullinghuset under to av skikarusellane, Suldalsrennet og no snart Mosvatnet rundt.

På bytehelga som vart arrangert på Samfunnshuset i november hadde me sal av graut, saft, kaffi og kaker. Det var hektisk, kjekt og inntektsbringande på få timar! Svært vellukka!

Økonomigruppa (v/Petra) tok på seg ansvar for nedvask av Gullinghuset i juni. Her stilte dametrimgruppa opp saman med Petra.

Ein ting som kan nevnt til slutt er at det sommaren 2017 vart overgang frå mCash til Vipps, noko som har fungert godt etter det kom på plass.

Else Kristin Hilde Krogh, 27.februar 2018

Leiar økonomigruppa

## ÅRSMELDING FOR TRIMGRUPPA SULDAL IDRETTSLAG

---

Styret har vore:

Siri Horvei

Gunn Tove Eikeland

Tor-Inge Bråtveit - leiar

Det har vore god aktivitet i trimgruppa i 2017.

Ballspelgruppa for damer har trening 2 gonger i veka, onsdag og søndag. 5-10 personar møtest vanlegvis. Kontaktperson er Hege Hiim.

Yoga gruppa med Gunn Tove Eikeland som kontaktperson, møtest som regel ein gong i veka.

Dametrim-stepp aerobic under leing av Petra Odvody trenar torsdagar 18.30-19.30. 10-20 damer møter vanlegvis opp. Petra Odvody legg ned mykje arbeid og energi i dametrimmen og er oppteken av å gjera dette til eit interessant og allsidig trimtilbod. Trimdamene har og delteke i fleire dugnadar for idrettslaget.

Gubbatrimmen har hatt godt oppmøte heile året.

Volleyball var det i vårsemesteret, men ikkje i haust. I vår var det først og fremst eritrearar som møtte opp. Me kunne vera over 20 personar på det meste.

Valskår 6/3-18

Tor-Inge Bråtveit

## ÅRSMELDING SKOGSTRIMMEN 2017

Det er i 2017 sett opp nye turbok-kassar på alle postane med unntak av Vinjarnuten, der nyttar me kassen saman med IL Sand.

Dette året har me registrert 5563 besøk, og dette er nok rekord for Skogstrimmen. Førlandsøyane toppar lista med 2249 besøk, medan Midtstølen hadde kun 33 innskrivingar i boka.

### I trekning av premiar vart desse ekstra heldige:

Gro Fisketjøn	(flest poeng av alle)
Per Førland	(trekt blant dei med meir enn 15 poeng)
Asle Fisketjøn	(trekt blant dei med meir enn 15 poeng)
Olaug Herabakka	(trekt blant alle signaturar i bøkene)
Edvin Bakka	(trekt blant alle signaturar i bøkene)
Jakob Roalkvam	(trekt blant alle signaturar i bøkene)

Premiar vert delte ut på årsmøtet.

### Oversikt over besøk på postane:

Førlandøyane	2249
Vassbotn	1512
Stråpanuten	917
Gunntveitåsen	331
Prestastølen	317
Vinjarnuten	125
Fisketjønsvardane	79
Midtstølen	33
Totalt	5563

**Følgjande hadde 15 poeng eller meir:**

Gro Fisketjøn	329
Per Førland	278
Anne Brit Brustveit Steine	225
Olaug Herabakka	180
Ingrid Lunde	134
Solveig Holmestad Bratland	116
Ragnhild Risa	103
Bjarne Lunde	68
Åshild Sandvik	66
Gunn Tove Eikeland	62
Helge Ronold	58
Klara Holmestad Nerheim	54
Anna Hauge	51
Svein Gjuvsland	47
Terje Solheim	47
Valbjørg Lunde Bakka	42
Egil Fugleberg	40
Kirsten Vigre	39
Ragnhild G Smaamo	36
Kari Vaage Gjuvsland	35
Anne Thingvoll	34
Jakob Roalkvam	34
Jorunn Herabakka	34
Lars Vasshus	34
Inge Underbakke	33
Ragnhild Løvik Svendsen	33
Terje Steine	32
Mikael Sagsveen	29

Kjersti Risa	28
Maria Ritland	28
Neri Fisketjøn	27
Helen Madland	26
Birgit Steine	25
Britt Janne Feidje Kvæstad	25
Gunn Kvæstad	23
Øyvind Nærheim Fjellhaugen	23
Atle Førland	21
Hilde Bergjord	21
Kirsten Hiim	21
Arne Vold	20
Linda Karin Ørke	20
Asle Fisketjøn	19
Elisabeth M R Sagsveen	19
Britt Helen Hansen	18
Camilla Hanssen	18
Jon Nærheim	17
Kristin Lalid	17
Malene Tjordal	17
Ellen Synnøve Hoftun	16
Geir Helland	16
Kurt Berekvam	16
Loes Torfs	16
Sofie Fisketjøn	16
Anja Pedersen Førland	15
Elisabeth Steine	15
Stine Danielsen	15

**Forslag til vedtak:** Hovudstyrets og undergruppene årsmeldingar er \_\_\_\_\_.

## **SAK 9: BEHANDLA IDRETTSLAGETS REKNESKAP I REVIDERT STAND**

**Forslag til vedtak:** Det framlagte rekneskapet for rekneskapsperioden 01.01.2017 – 31.12. 2017 med uttale frå revisor er godkjent utan kommentar. Resultatet for 2017 var eit overskot på kroner 62.058,-. Laget har ein eigenkapital på kroner 1.124.823,-

## **SAK 10: BEHANDLA FORSLAG OG SAKER:**

### **Løypetrase rundt Mosvatnet**

Representantar frå Gullspor AS og Fjellbergskaret Hytteforening har tatt initiativ til, og gjort eit stykke godt arbeid med planlegging, dokumentasjon, kostnadsoverslag, osv. med mål om å etablera heilårs løypetrase rundt Mosvatnet. Planane tek utgangspunkt i samarbeid med Suldal idrettslag som vil bli rekna som formell utbyggjar viss prosjektet vert vedteke. Saksdokumenta er distribuert til styremedlemmene i Suldal IL ved tidlegare høve, og kan fås ved førespurnad til leiar@suldal-il.no. Sjå tidlegare distribuerte dokument om prosjektet for meir detaljert informasjon.

## **SAK 11: FASTSETJA MEDLEMSKONTINGENT**

Medlemskontingenten i Suldal idrettslag for 2017 har vore: Born kr 250,- Vaksne kr 300,- Familie kr 600,-

Samanlikna med andre idrettslag av same storleik og aktivitetsnivå har Suldal idrettslag låg medlemskontingent, og styret ønskjer at medlemskontingenten skal vera låg.

**Forslag til vedtak:** Medlemskontingent for 2018 nyttar same satsane som 2017.

## **SAK 12: VEDTA IDRETTSLAGETS BUDSJETT**

**Forslag til vedtak:** Budsjett for 2018 er godkjent utan kommentar. Det er budsjettert med kr 0,- i resultat for 2018.

## **SAK 13: GODKJENNA REISEREGULATIVET**

For å godtgjera på trenerear/leiarar med ekstra lang køyreveg, føreslår styret at ein tilfører følgjande punkt til reiseregulativet: *Suldal Idrettslag kan yta køyregodtgjersle til medlemmer når vedkommande er trenar/leiar og har meir enn 20 km til treningsstad. Satsen er fastsett etter skatteetatens trekkfrie standardsats på kr 1,56 per kilometer.*

**Forslag til vedtak:** Årsmøtet godkjenner styrets forslag til endring av reiseregulativet.

**ORGANISASJONSPLAN  
FOR  
SULDAL IL**



**Vedteke på årsmøtet 14.03.2017**

## Grunnlagsopplysningar for Suldal IL

Navn: Suldal Idrettslag

Skipa: 21.02.1946

Idrett: Fleiridrettslag

Postadresse: 4237 Suldalsosen

E-postadresse: [leiar@suldal-il.no](mailto:leiar@suldal-il.no)

Rekningar: E-post: [kasserar@suldal-il.no](mailto:kasserar@suldal-il.no)

Bankkonto: 3210 30 09617

Banksamband: SpareBank 1 SR-Bank

Internettadresse: [www.suldal-il.no](http://www.suldal-il.no)

Organisasjonsnummer i Brønnøysundregisteret: 983958605

Anleggsadresse: Prestavikjo

Telefon: 48054009

Registrert tilknytning til Rogaland idrettskrets

Registrert tilknytning til Suldal idrettsråd

Registrert tilknytning til Rogaland fotballkrets, Agder og Rogaland skikrets

Klubbnummer i NIF sitt medlemsregister: KL11340003

Årsmøtemånad: Mars


## FØREMÅL

Suldal IL skal være ein open og demokratisk organisasjon der føremålet er å driva idrett organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF).

Arbeidet skal vera prega av friviljug innsats, demokrati, lojalitet og likeverd. Alle idrettslege aktivitetar skal byggja på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

Idrettslaget er sjølveigande og frittstående med kun personlege medlemmer.

## ORGANISASJON



Suldal IL har følgjande undergrupper:

- Fotball, Ski, Trim, Økonomi og prosjektgruppe for lysløypeprosjektet.

Lovnorma vedtatt av årsmøte er overordna norm for organisering og drift av laget. Suldal IL har eit hovudstyre med 5 medlemmer og 1 varamedlem. Styremedlemmer, leiar, nestleiar og varamedlem blir valt på årsmøte. Elles kan styret konstituera seg sjølv (skrivar, kasserar m.m.), jmf lovnorma.

## **VAL**

Undergruppene sender forslag på nye kandidatar til si undergruppe til valkomiteen i god tid før årsmøte. Valkomiteen samlar inn og lagar forslag til val til årsmøte. Årsmøte skal vedta valet og alle verv inkludert medlemmer i undergruppene.

Valkomiteen skal veljast av årsmøte på fritt grunnlag etter innstilling frå styret (Lovnorm §15.10.f).

Undergruppene konstituerer seg sjølv (vel leiar m.m.).

## **STYREMØTA**

Leiar i dei 5 undergruppene møter på styremøta til Suldal IL. Styremøta har sak med orientering frå undergruppene, slik får styret orientering frå leiarane i undergruppene direkte.

Innkalling til styremøte skjer ved bruk av e-post (leiar kallar inn). Styrereferata blir sendt per e-post (skrivar sender ut). Det blir halde 3-5 styremøte per år. I tillegg tar ein enkeltsaker via e-post/telefon utanom møta viss behov.

## **BUDSJETT – REKNESKAP**

Budsjett vedteke av årsmøtet er forpliktande for drifta av heile laget. Gruppene skal halda seg til sine godkjente budsjett.

Det skal leggjast fram rekneskap for styret. I samband med dette skal gruppene vurdere/kommentera den økonomiske situasjonen sin.

Årsmøte i Suldal IL har vedtatt at kasserar kan disponera laget bankkontoar og nettbank aleine.

**Forslag til vedtak:** Framlagde organisasjonsplan godkjennast.

## **SAK 15: VAL**

Følgjande verv skal veljast:

- Styreleiar
- Nestleiar
- Øvrige styremedlemmer
- Varamedlemmer
- To revisorar
- Representantar til ting og møter i dei organisasjonsledd idrettslaget har representasjonsrett eller gi styret fullmakt til å oppnemna representantane. **Valnemndas innstilling:** Styret får fullmakt til å oppnemna representantar til dei ulike ting og møte.
- Leiar av valkomiteen
- Øvrige to medlemmer av valkomiteen
- Varamedlem til valgkomiteen

Sjå innstilling frå valnemnd og styret på neste side.

## VALG SULDAL IL - 2018 - INNSTILLING FRÅ VALNEMD

ROLLE	NAMN	Valg 2017	Status val 2017-18	Gjenvalg	Kommentar
<b>HOVUDSTYRET</b>					
Leiar	Aslak Moe	x	Valgt i 2018 for 2 år		Val som leiar for 1 år
Nestleiar	Øyvind Gjuvsland	x	Valgt i 2018 for 2 år	x	Val som nestleiar for 1 år
Skrivar	Kristine Bøe Berge		Valgt i 2017 for 2 år		
Kassserar	Silje Helen Færøy	x	Valgt i 2018 for 2 år	x	
Styremedlem	Vidar J. Nærheim		Valgt i 2017 for 2 år		
Varamedlem	Katrine Kroken		Valgt i 2017 for 2 år		
<b>FOTBALL</b>					
Medlem	Svein Øystein Berge		Valgt i 2017 for 2 år		
Medlem	Neri Fisketjøn	x	Valgt i 2018 for 2 år	x	
Medlem	Siri Fisketjøn Indrebø	x	Valgt i 2018 for 2 år	x	
Medlem	Jon Bråtveit	x	Valgt i 2018 for 2 år	x	
Medlem	Ane Hoås Foldøy	x	Valgt i 2018 for 1 år		Valgt i 2018 for 1 år
<b>SKI</b>					
Medlem	Per Even Tjøstheim		Valgt i 2017 for 2 år		
Medlem	Arne Mehus	x	Valgt i 2018 for 1 år	x	Valgt i 2018 for 1 år
Medlem	Tone Sande Fisketjøn	x	Valgt i 2018 for 2 år	x	
Medlem	Oddny Lunde Bakka		Valgt i 2017 for 2 år		
Medlem	Sverre Vik	x	Valgt i 2018 for 2 år	x	
<b>TRIM</b>					
Medlem	Alf Aadnøy	x	Valgt i 2018 for 2 år		
Medlem	Siri Horvei		Valgt i 2017 for 2 år		
Medlem	Gunn Tove Eikeland		Valgt i 2017 for 2 år		
<b>ØKONOMI</b>					
Medlem	Else Kristin Hilde		Valgt i 2017 for 2 år		
Medlem	Runar Vold		Valgt i 2017 for 2 år		
Medlem	Kari Havrevoll	x	Valgt i 2018 for 2 år		
<b>REVISOR</b>					
Medlem	Margrethe Moen		Valgt i 2017 for 2 år		
Medlem	Gunvor W. Hoftun	x	Valgt i 2018 for 2 år	x	
<b>VALNEMD - INNSTILLING FRÅ STYRET</b>					
Leiar	Leif Bakka	x	Valgt i 2018 for 2 år	x	
Medlem	Laila Steine	x	Valgt i 2018 for 1 år	x	Valgt i 2018 for 1 år
Medlem	Annette Berge	x	Valgt i 2018 for 1 år	x	Valgt i 2018 for 1 år
Varamedlem	Renate Melby	x	Valgt i 2018 for 2 år		